



NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen <input checked="" type="checkbox"/> Ja

Personopplysninger
Navn TOR HELGE HAARA TJEMSLAND
Kontaktinformasjon
Er søker et selskap under stiftelse? <input type="checkbox"/> Søker er et selskap under stiftelse
Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 201913014	Sakstittel Revisjon av konsesjonsvilkår - Røldal-Suldalsvassdragene

Høringsuttalelse
Høringsuttalelse NVERøldal 30.08.2024
Høringsuttalelse 201913014 – Uttale til revisjon av konsesjonsvilkår RSK
Forslag til miljøforbedringer/endringer:
Underteikna forventar at ein NVE vil revidere RSK-konsesjonen slik at ein i framtida må drifte RSK anlegga med moderniserte miljøkrav. Underteikna gjer merksam på at han her uttalar seg som privatperson, busett i Røldal. Frå underteikna sin ståstad, er kulepunkta under dei viktigaste forbetringane, sett frå Røldal sin ståstad:
1. Innføre eit konkret manøvreringsreglement i vasskraftmagasina. I Røldalsvatnet må det stillast krav om at det ikkje skal tappast vatn f.o.m. 15. april før vatnet er fylt til nær HRV. Fram t.o.m. 1.oktober, må det setjast avgrensing på reguleringshøgden. Til dømes 1 meter.
2. Betra tilhøva for fisk i alle vassdraga. Det var fisk i alle vatn som vart reguleringsmagasin i Røldal. Slik må det òg vere i framtida. Minstevassføring må vurderast i alle tørrlagte bekker.
a. Krav om fiskeutsetting i alle reguleringsmagasin kor naturleg rekruttering ikkje er tilstrekkeleg.
b. Det må vere eit absolutt krav at det vert innført minstevassføring i Brattlandsdalselva, frå Røldalsvatnet. Forhalda

for storauren i Suldalsvatnet, og då spesielt gyteforhalda i elva oppover frå Nesflaten, må forbetrast.

c.Sikker minstevassføring i Storelva i Røldal.

3.Sikra betre framkomelegheit og tryggare ferdsel på, og ved, alle regulerte magasin i nærområdet.

a.Konsesjonær må overta eigarskap og alt vedlikehald på vegane som vart bygd i samband med den etablering av RSK anlegga. Grunneigarar og rettighetshaverar må ha full bruksrett på desse vegane.

b.Det må stillast krav om sikker, og påliteleg, tilgang til alle reguleringsmagasina for grunneigarar og andre rettighetshaverar. Dette betyr blant anna etablering av båtopptrekk. Noverande båtopptrekk i Røldalsvatnet er etablert i eit rasutsett område.

4.Det er ikkje slik at det berre er grunneigarane som er påverka av kraftutbygginga i Røldal. Til dømes vert alle i Røldalsbygda plaga av frostrøyk om vinteren. Det må soleis stillast krav til konsesjonæren som gagnar alle i lokalsamfunnet. RSK anlegga må tilfredstille kravet om spesielle forhold som tilseier at det kan etablerast næringsfond. Utbyggar/kraftverkseigar må få krav om å opprette eit næringsfond, med betydelege årlege avsettingar.

5.Konsesjonæren må bli pålagt årlege bidrag til «villreinfond», både for Hardangervidda og Setesdal-Ryfylke villreinområde. I tillegg må dei påleggjast årlege bidrag til det lokale fiskefondet, oppretta i samband med den originale konsesjonen frå 60-talet.

6.Underteikna stiller seg sterk kritisk til kvaliteten på miljørapporten på reinsdyr. Omsynet, og påverknaden, dagens kraftanlegg har på villreinen er ikkje tilfredstillande belyst. Spesielt kan det peikast på at det i rapportane ikkje er tatt omsyn til villreinen på Hardangervidda. Dette medfører at det er eit betydeleg hull i kunnskapsgrunnlaget. NVE må soleis påleggja konsesjonæren ei tilleggsutgreiing som tettar desse kunnskapshulla.

Mvh

Tor Helge Haara Tjemsland

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

Vedlegg bilder